Fra: Thorsnes, Tore [Tore.Thorsnes@nav.no]
Til: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem [Anne-Kjersti.Stenehjem@sfj.no]
Kopi: 'harald.ekroll@enivest.net' [harald.ekroll@enivest.net]; Bisgaard, Hanne [Hanne.Bisgaard@nav.no]
Sendt: 09.02.2016 15:17:02
Emne: SV: Uttale frå fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane til NAV Sogn og Fjordane
Vedlegg:

Hei!
Vi viser til uttale nedanfor og vil gje følgjande tilbakemelding:

Vi er litt overraska over uttalen fordi ansvaret for pasientreiser vart overført frå NAV til Helfo i 2009, seinare vart også frikortordninga overført i 2010. Det betyr at NAV-kontora i dag verken har eller skal ha kompetanse på dette området, og såleis heller ikkje skal kunne tilby hjelp til eldre meir enn andre instansar. Vi har forståing for at enkeltpersonar har vanskar med å håndtere nye løysingar, men erfaringa er at dette går smertefritt etter ein overgangsperiode for dei aller, aller fleste. Det er ingen lokale instansar som er peika på som rådgivarar/rettleiarar for dei som måtte trenge hjelp, men vi har registrert at i nokre kommunar var det naturleg, i overgangsperioden vertfall, å søkje bistand i servicekontoret og enkelte plassar på legekontoret. Det er altså ikkje eit behov som det er naturleg å få dekka på NAV-kontoret i dag. Når desse oppgåvene blei tekne bort frå NAV var det for å frigjere ressursar til oppfølging av dei som skal i eller tilbake til jobb og som treng NAV si hjelp til det. Forvaltningsoppgåver som vi snakkar om her skal ivaretakast av miljø som er knytta opp mot helseføretaka og helsetenesta. Slik sett har det vore ein suksess for befolkninga samla sett og for ansvarsdelinga i offentleg sektor. Vi håpar at eldre både i Luster og andre plassar i samråd med sine næraste finn greitt ut av korleis dette skal gjerast. Det dreiar seg tross alt om å fylle ut eit skjema og sende i posten. Er det spørsmål sit det folk klare på Pasientreiser sin infotelefon 05515 som kan svare på det folk måtte lure på.

Håpar dette er oppklarande.

Med venleg helsing
Tore Thorsnes
Direktør
NAV Sogn og Fjordane
☎: 95 08 27 33
✉: tore.thorsnes@nav.no

Fra: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem [mailto:Anne-Kjersti.Stenehjem@sfj.no]
Sendt: 3. februar 2016 13:32
Til: (PK) NAV Sogn og Fjordane
Kopi: harald.ekroll@enivest.net; Luster kommune
Emne: Uttale frå fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane til NAV Sogn og Fjordane

Hei!

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane sender dykk fylgjande uttale, som vart vedteken i fylkesrådet sitt møte 2. februar 2016:

«Fylkesrådet for eldre viser til uttalen frå eldrerådet i Luster, og meiner at denne servicen burde NAV tilby til dei som ynskjer. Fylkesrådet ser at det er dei eldre som vert skadelidande, i og med at dei ikkje sender inn refusjonskrav».

Eldrerådet i Luster har sendt brev til NAV Luster (med kopi til fylkesrådet for eldre) med fylgjande innhald: «Eldrerådet er kjende
med at eldre og andre ikkje har fått hjelp på NAV til å fylla ut reiserekningar. Dei har m.a. vorte viste til ein pc og blitt nekta anna form forrettleiing/hjelp. Det meiner Eldrerådet er for dårleg service for dei eldre. Mange har aldri hatt og brukt ei datamaskin før, og det kan vere vanskeleg for nokon både med synet og forstå kva teksten på skjemaet betyr. Eldrerådet ber om at NAV-Luster drøftar denne problemstillinga, og ynskjer gjerne ein tilbakemelding frå dykk».

Kommentarar/spørsmål kan rettast til leiaren for fylkesrådet for eldre: Harald Ekroll

Med helsing
Anne-Kjersti Stavø Stenehjem
rådgjevar, fylkesrådmannen - stab
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
www.sfj.no | Anne-Kjersti.Stenehjem@sfj.no
sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 95725658